



## Innkalling

**Råd:** Valle og Hylestad Sokneråd

**Dato og tid:** 03.12.2024, 15:45

**Lokale:** Sølvarden

**Saksmappe:** V&H2024-42

**Til:** Arne Tronsen (Medlem), Frøydis Henriksen Junge (Varamedlem), Gudrun Sagneskar (Nestleiar), Knut Hagen (), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristian Mosvold (Medlem), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Margit Homme (Varamedlem), Torstein Bjørgum (Leiar)

Denne gongen er møtet på Sølvarden. Etter møtet blir det middag for rådet med vara, tilsette og andre - ei juleavslutning.

Ver grei å melde forfall om det er aktuelt, slik at vara kan kallast inn.

## Sakslisten

### Faste Saker

- 069/24 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste
- 070/24 Leiar i soknerådet orienterar
- 071/24 Kyrkjeverja orienterer
- 072/24 Presten orienterer
- 073/24 Førespurnad
- 074/24 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

### Møtesaker

- 075/24 FR - Justering av investeringsbudsjett og driftsbudsjett 2024
- 076/24 FR - Investeringsbudsjett og driftsbudsjett 2025
- 077/24 FR - Forskrift om gravplassvedtekter
- 078/24 FR - Møteplan for 2025
- 079/24 FR - Godtgjering for vervet som leiar og nestleiar i Fellesrådet

**Torstein Bjørgum**  
Leder

**Toralv Frøysaa Lie**  
Sekretær

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2024-42	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	069/24	03.12.2024

### **069/24 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksframlegg**

-

#### **Forslag til vedtak**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2024-42	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	070/24	03.12.2024

### **070/24 Leiar i soknerådet orienterar**

#### **Saksframlegg**

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2024-42	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	071/24	03.12.2024

### **071/24 Kyrkjeverja orienterer**

#### **Saksframlegg**

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2024-42	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	072/24	03.12.2024

### **072/24 Presten orienterer**

#### **Saksframlegg**

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2024-42	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	073/24	03.12.2024

### **073/24 Førespurnad**

#### **Saksframlegg**

Her er det høve til korte innspel om det som ligg møtedeltakarane på hjarte

#### **Forslag til vedtak**

Tatt til orientering

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2024-42	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	074/24	03.12.2024

### **074/24 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag**

#### **Saksframlegg**

Soknerådet og Fellesrådet er sidestilte organ med kvar sine oppgåver på vegne av soknet. Fellesrådet har tydelege og avgrensa oppgåver knytta til

- Personalleiing
- Økonomi
- Kyrkjjer og andre bygg
- Gravplass

Valle og Hylestad sokneråd er registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret. Difor er det brukt når ein utarbeidar vedtekter for gravplassar i kommunen. Valle og Hylestad sokneråd er difor "Gravplassstyresmakt" i Valle kommune.

Soknerådet sitt overordna oppdrag er iflg. Kyrkjeordninga §12

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

#### **Forslag til vedtak**

Tatt til orientering

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	112	V&H2024-35	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	075/24	03.12.2024

### **075/24 FR - Justering av investeringsbudsjett og driftsbudsjett 2024**

#### **Vedlegg liste**

- 1 Budsjettjustering investering kyrkja 2024.pdf
- 2 Budsjettjustering drift kyrkja 2024.pdf

#### **Saksframlegg**

Administrasjonen har utarbeidd justert investering - og driftsbudsjett for 2024.

#### **Forslag til vedtak**

Valle og Hylestad sokneråd vedtek budsjett for 2024 slik det ligg føre.



Budsjetjustering investering 2024		Budsjettpostar før justering	Budsjetjustering 2024	Nytt budsjett 2024
010-389+429	Investeringer i anleggsmidler	926 100	172 500	1 098 600
390	Kalk. Utgift ved komm.tj. Ytingsavtale			
500-509	Renteutgifter, låneomkostninger			
510-519	avdrag på lån			
520-529	Utlån, kjøp av aksjer, andel o.l.	7 000	1 149	8 149
530-559	avsetninger	24 369	200 000	224 369
	Årets finansieringsbehov	957 469	373 649	1 331 118
Finansieres slik:				
910	Bruk av lånemidler			
660-670	Inntekter frå salg av driftsmidler/fast eiend.			
700-779	refusjoner/overføringer	-185 000	-42 500	-227 500
790	Kalk. Inntekt ved komm. Tj. Ytingsavtale			
800-879	tilskudd ti investering		-200 000	-200 000
920-929	mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)			
	Sum ekstern finansiering	-185 000	-242 500	-427 500
970	Overføring fra driftsbudsjettet	-522 469	-171 149	-693 618
930-959	Bruk av avsetninger	-250 000	40 000	-210 000
	Sum finansiering	-957 469	-373 649	-1 331 118
	Udekket/udisponert	0	0	0

Forklaring	
Art 010-389+429	ENØK, Minnelund, Grunnmurene og ringeautomatikk+momskomp ut.
520-529	Egenkapitaltilskot KLP (årlig)
530-559	Inndekning fjorårets merforbruk + avsetning av 200.000 fra Valle sparebank
700-779	Momskomp. Inn
800-879	Tilskot frå Valle sparebank
970	Overføring frå drift til å finansiere investering
930-959	Bruk av investeringsfond

Budsjettjustering drift 2024		Budsj.poster før justering	Budsjettjustering 2024	Nytt budsjett 2024
Inntekt				
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-80 000	33 000	-47 000
660-679	salg av driftsmidler/fast eiendom			
700-789	refusjoner/overføringer	-207 000	9 754	-197 246
790	kalk, inntekt ved komm. Tj. Ytingsavtale	-766 000	-117 000	-883 000
800-829	statlige tilskudd	-110 000	-5 000	-115 000
830-839	rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-2 798 200	5 377	-2 792 823
840-859	tilskudd fra fellesråd/menighetsråd			
860-879	andre tilskudd, gaver, innsamlende midler	-89 760	-20 424	-110 184
	Sum driftsinntekter	-4 050 960	-94 293	-4 145 253
Utgifter				
010-099	Lønn og sosiale utgifter	1 647 000	-51 000	1 596 000
100-299	kjøp av varer og tjenester	1 198 488	-198 797	999 691
300-389+429	refusjoner/overføringer	294 000	-65 754	228 246
390	kalk. Utg. ved komm. Tj.ytingsavtale	763 000	119 000	882 000
400-479 eksl.429	tilskudd og gaver	70 000	8 000	78 000
	sum driftsutgifter	3 972 488	-188 551	3 783 937
	Brutto driftsresultat	-78 472	-282 844	-361 316
900-909	renteinntekter og utbytte	-44 000	-56 000	-100 000
920-929	Mottatte avdrag på utlån			
500-509	renteutgifter og låneomkostninger	18 000	-5 700	12 300
510-519	avdrag på lån	211 000		211 000
520-529	utlån, kjøp av aksje, andel o.l.			
	netto finansinntekter/-utgifter	185 000	-61 700	123 300
590	Avskrivninger	161 000		161 000
990	motpost avskrivninger	-161 000		-161 000
	netto driftsresultat	106 528	-344 544	-238 016
Interne finansieringstransaksjoner				
930	bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)			
940-949	bruk av disposisjonsfond	-614 797	137 395	-477 402
950-959	bruk av bundne fond	-159 088	36 000	-123 088
	sum bruk av avsetninger	-773 885	173 395	-600 490
530	avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	144 888		144 888
540-549	avsatt til disposisjonsfond			
550-559	avsatt til bundne fond			
570	overføring til investeringsbudsjettet	522 469	171 149	693 618
	sum avsetninger	667 357	171 149	838 506
	Merforbruk/mindreforbruk=0	0	0	0

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	112	V&H2024-36	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	076/24	03.12.2024

### **076/24 FR - Investeringsbudsjett og driftsbudsjett 2025**

#### **Vedlegg liste**

- 1 Investeringsbudsjett kyrkja 2025.pdf
- 2 Driftsbudsjett kyrkja 2025.pdf
- 3 Fondsoversikt pr. 29.11.2024.pdf

#### **Saksframlegg**

Administrasjonen har lagt eit budsjett for kyrkja i 2025.

Ver merksam på dette: «rammeoverføring» er lågare i 2025 enn budsjett 2024. Det er fordi avdrag på lån går ned til kr. 67000 i 2025. Difor er det mindre tilskot fra kommunen i tjenesteytingsavtalen til avdrag.

Summert sett er det riktig, og vi har tatt med auka tilskot frå kommunen på kr. 150 000

#### **Forslag til vedtak**

Valle og Hylestad Fellesråd vedtek budsjettet for året 2025 slik det ligg føre.

Investeringsbudsjett 2025		Budsjett 2025	Budsjettpostar 2024	Rekneskap 2023
Art				
200	Inventar og utstyr	170 000	241 100	50 000
230	Ekstraordinært vedlikehold		500 000	92 615
270	Konsulenttenester/kjøpte tenester	469 000		
429	Moms, generell kompensasjonsordning	117 250	185 000	35 654
520	Kjøp av aksjer/andeler	9 000	7 000	6 266
530	Inndekn. Regnskapsmessig merforbruk inv.		24 369	
Årets finansieringsbehov		765 250	957 469	184 535
Finansieres slik:				
729	kompensasjon moms påløpt i investering	-117 250	-185 000	-35 654
Sum ekstern finansiering		-117 250	-185 000	-35 654
950	Bruk av bundne fond	-319 000	-250 000	-74 512
970	Overføring fra driftsbudsjettet	-329 000	-522 469	-50 000
Sum finansiering		-765 250	-957 469	-160 166
Udekket/udisponert=0		0	0	24 369

Hjelp til budsjettpostene - 2025

Art 200 = Zinkhetter

Art 230 = Urnelund ferdig i 2024

Art 270 = Grunnmurene og mur Valle kyrkje

Art 429 = Momskomp. ut

Art 520= Egenkapitalinnskudd KLP

Art 530 = Inndekning av merforbruk fra 2023. Vedtak i sokneråd.

Art 729= Momskomp. inn

Art 950= Finansiering mur-prosjektene, bruk av fond

Art 970= Finansierte med overføring fra drift, EK tilskot KLP, Mur Valle kyrkje og Zinkhetter

Driftsbudsjett 2025		Budsjett 2025	Budsjett 2024	Rekneskap 2023
Art	Inntekt			
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-158 000	-80 000	-107 000
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom			-500
700-789	Refusjoner/overføringer	-154 000	-207 000	-800 257
790	Kalk, inntekt ved komm. Tj. Ytingsavtale	-928 000	-766 000	-837 174
800-829	Statlige tilskudd			
805	Tilskudd fra rettsobjektet Den norske kirke	-100 000	-110 000	-129 432
830-839	rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-2 788 200	-2 798 200	-2 802 184
840-859	tilskudd fra fellesråd/menighetsråd			
860-879	andre tilskudd, gaver, insamlede midler	-110 000	-89 760	-95 063
	Sum driftsinntekter	-4 238 200	-4 050 960	-4 771 611
	Utgifter			
010-099	Lønn og sosiale utgifter	1 969 617	1 647 000	2 244 650
100-299	Kjøp av varer og tjenester	1 114 463	1 198 488	1 635 486
300-389+429	Refusjoner/overføringer	266 000	294 000	411 637
390	Kalk. Utg. ved komm.Tj. Ytingsavtale	928 000	763 000	837 174
400-479 eksl.429	Tilskudd og gaver	78 000	70 000	81 323
	Sum driftsutgifter	4 356 080	3 972 488	5 210 270
	Brutto driftsresultat	117 880	-78 472	438 659
900-909	Renteinntekter og utbytte	-100 000	-44 000	-103 403
920-929	Mottatte avdrag og utlån			
500-509	Renteutgifter og låneomkostninger	3 000	18 000	41 009
510-519	Avdrag på lån	67 000	211 000	211 323
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andel o.l.			
	Netto finansinntekter/-utgifter	-30 000	185 000	148 929
590	Avskrivninger	161 000	161 000	169 275
990	Motpost avskrivninger	-161 000	-161 000	-169 275
	Netto driftsresultat	87 880	106 528	587 588
	Interne finansieringstransaksjoner			
930	Bruk av utdisponert fra tidligere år (overskudd)			
940-949	Bruk av disposisjonsfond	-165 263	-614 797	-441 649
950-959	Bruk av bundne fond	-251 617	-159 088	-51 051
	Sum bruk av avsetninger	-416 880	-773 885	-492 700
530	Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)		144 888	
540-549	Avsatt til disposisjonsfond			
550-559	Avsatt til bundne fond			
570	Overføring til investeringsbudsjettet	329 000	522 469	50 000
	Sum avsetninger	329 000	667 357	50 000
	Meirforbruk i 2023 regnskapet	0	0	144 888

Budsjett av bruk og avsetn.fond = Netto

55108000 - ENØK-tiltak kyrkjane (203)	-170 000
55108002 - Mur Valle kyrkje (202)	-150 000
55108003 - O.A. Løylands bibelfond	-107 553
55108005 - Trusopplæring, Den norske kirke	-157 840
55108006 - VAL, den norske kirke	-6 224
55508001 - Grunnmur kyrkjene (pro 350)	-488 976
55608000 - Disposisjonsfond Kyrkj. fellesråd	-915 154
55608001 - Ungdom i oppdrag HS	-5 002
55608002 - Kyrkjestoge	-1 109 220
55608003 - Strukturprosessen	-100 000
55608005 - Barnekor	-2 218
55608006 - ENØK varmestyring (pro 203) ref. FR 04/22	-71 100
55608007 - Musikere henta av Knut Olav Uppstad	-16 761
55608008 - Diakoniprisen	-3 151
55608009 - Verneplan	-15 000
55608010 - Urnelund	-120 857
55608011 - Benker til kyrkjegardane	-5 018
55608012 - Sommarkonsertane	-62 026
55608014 - Ringeautomatikk Hylestad kyrkje 050/24	-130 000

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	823	V&H2024-41	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	077/24	03.12.2024

### 077/24 FR - Forskrift om gravplassvedtekter

#### Vedlegg liste

- 1 REVIDERT Framlegg til Gravplassvedtekter Valle kommune 2024.docx
- 2 Aktuelle paragrafar i Gravplassvedtektene.docx
- 3 Høyringsinnspel 1 - Innspill til forslag om nye vedtekter i Valle, i forbindelse med høyring.html
- 4 Høring: Nye gravplassvedtekter i Valle kommune. .html
- 5 Høyring gravplassvedtekter.docx

#### Saksframlegg

I arbeidet med nye vedtekter for bruk av gravplassane i Valle kommune har me fått god hjelp av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Med utgangspunkt i ein mal har me arbeidd med å tilpasse vedtektene til lokale forhold.

Me har hatt samtaler med tilsette som har arbeidd i kyrkja og med kyrkjegardane i fleire tiår, med dei som driv gravplassforvaltninga nå, og med andre som kjenner Valle og Valldølane godt.

Me har hatt eit offentleg orienteringsmøte om den nye minnelunden som er etablert på Hylestad kyrkjegard, og om høyringsutkastet til Gravplassvedtektene.

Me har fått tre høyringsinnspel. Dei ligg som vedlegg i denne saka.

Eitt frå Statsforvaltaren, eitt frå Evje og Fevik Steinindustri AS , og eitt frå nemnda som arbeider med verneplan for gravplassane i kommunen. Det har vore gode innspel som me har tatt med i det vidare arbeidet, og bygd inn i teksta.

Gangen vidare er slik.

Etter at gravplassvedtektene er vedtatt hos oss i Fellesrådet, blir dei sendt til Statsforvaltaren for godkjenning.

Når dei er godkjent der skal dei ligge 30 dagar på Lovdata.

Når dei 30 dagane er gått blir desse nye vedtektene gjeldande, og dei gamle blir oppheva.

#### Forslag til vedtak

Framlagte "Revidert Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke" vert vedteken.

Saka blir sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for godkjenning.



# Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke

## § 1. Definisjonar

Gravplass-styresmakt: Valle og Hylestad sokneråd.

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner.

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som følgjer gravplassforskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan ein òg gravleggje oskeurner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til ein kan nytte grava igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida som det er avtalt å feste ei grav.

Gravansvarleg: Den som er ansvarleg for ei tilvist grav.

Festar: Den som står som part i ei festeavtale.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

Fri grav: Grav som gravplass-styresmakta har tilvist ein avliden person frå kommunen som dette ikkje skal betalast festeavgift for i fredingstida.

## § 2. Ferdsl på gravplassane

På gravplass er det forbode å sykle, ake eller å drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der, jf. politivedtekt § 18 i Valle kommune. Hundar skal haldast i band, jf. gravplassforskrifta § 9. Bruk av køyretøy på kyrkjegarden er tillete berre i det omfang gravplass-styresmakta finn det turvande. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.





### § 3. Gravplasstillhøyrse

Avlidne personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravplassane i kommunen.

Dei har rett til fri grav dersom gravplass-styresmakta har tilvist grava. Retten til utvida frigravsperiode er nærare skildra i gravplassforskrifta § 16 første avsnitt og gravplassforskrifta § 18 andre avsnitt.

Avlidne personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir rekna med på same måte som kommunen sine eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav dersom gravplass-styresmakta har tilvist grava.

Avlidne personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at ein betaler kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav.

### § 4. Fredingstid

Fredingstida er minst 20 år.

Ny gravlegging kan ikkje koma i strid med gravplassforskrifta § 12.

### § 5. Spesielle føresegner

Det skal ikkje tildelast nye graver på kyrkjegarden ved Hylestad kyrkje, heller ikkje urnegraver.

Felt X på Valle og Hylestad kyrkjegard er utanom regulert felt og kan ikkje nyttast.

Felt G og H på Valle kyrkjegard har eit visuelt særpreg. Nye steinar må tilpassast feltet i avtale med gravplass-styresmakta. Jfr. Gravplassforskriften § 27.

### § 6. Feste av grav med meir

Når ei kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av ho, og etter søknad til gravplass-styresmakta; for ei ekstra grav i tillegg når behovet seier det. Desse gravene utgjør då éin gravstad.

Ved bruk av ei ordinær urnegrav, kan ein ikkje feste ei grav ved sida av.

Ved feste av ei grav ved sida av den kistegrava som ein først nyttar, er festetida 20 år.

Når festetida/fredingstida er ute, kan ein feste grava/gravstaden vidare for 10 år av gongen. I god tid før festetida er ute, skal forvaltninga varsle festaren.

Har ein ikkje fornya festet innan seks månader etter forfall, går grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.



Ein kan ikkje gravleggje i ei grav utan samtykke frå gravansvarleg eller festar. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykke frå gravansvarleg eller festar, kan gravplass-styresmakta avgjere gravlegginga.

Festar pliktar å melde adresseendring.

### **§ 7. Grav og gravminne**

Ved opning av ei grav kan ein leggje jorda på dei omkringliggjande gravene og ein kan mellombels flytte gravutstyret. Gravplass-styresmakta sørgjer for istandsetjing igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først gjerast etter at gravplass-styresmakta har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Så lenge ein ventar på gravminne, kan det setjast opp eit mellombels merke med namnet til den avlidne.

På ein nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava ein først nyttar. Gravminnet blir ståande der for godt.

### **§ 8. Plantefelt**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå framsida av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som går over høgda til gravminnet eller går ut over plantefeltet.

I plantefeltet er det høve til å setta ned dekorgjenstandar og sorguttrykk, så lenge dei ikkje er til sjenanse, gjer drifta av gravplassen vanskeleg (opning av grav, grasklipping, o.l.), eller er brannfarleg i samband med tenning av lys, jamfør neste avsnitt.

Det er høve til å tenne lys (stearinlys, oljelampe ol.) når dette er innanfor dei gjeldande føresegnene om brannvern. Lykter og lys må vere tilstrekkeleg festa, til dømes med jordspyd, eller ha ei eigenvekt som gjer at dei ikkje kjem på avveggar.

Ein skal fjerne lys og andre lause dekorgjenstandar etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant eller ei bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller andre materiale.

### **§ 9. Plantemateriale**

Planter, kransar og liknande materiale som ein har nytta ved gravferd eller ved pynting av grava og som endar som avfall, skal vere heilt kompostérbare.



### § 10. Stell av grav

Kvar gravansvarleg eller festar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt, skal den gravansvarlege eller festaren så til med gras, eller blir tilsådd av gravplass-styresmakta.

Den gravansvarlege eller festaren pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Gravansvarlege eller festaren kan avtale med Valle og Hylestad sokneråd, eller den som får løyve til det etter § 13, om planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ei slik avtale frittek ikkje den gravansvarlege eller festaren frå det ansvaret vedkomande har etter dei til ein kvar tid gjeldande føresegnene.

### § 11. Namna minnelund

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til den avlidne førast på ei namneplate på eit felles minnesmerke, fastsett av gravplass-styresmakta.

Graver i namna minnelund kan ein feste etter utløpet av fredingstida på lik linje med andre graver på gravplassen.

I namna minnelund kan ein feste ei grav i tillegg når ei grav blir nytta, mot at ein betalar ei festeavgift frå det tidspunktet den fyrste grava blir nytta. Ved feste av ei grav i tillegg, vil ikkje gravene utan vidare kome attmed kvarandre, men namna kjem over kvarandre på den same namneplata.

Det må betalast ei avgift / andel av felleskostnadene for kvar gravlegging i minnelunden.

Gravplass-styresmakta har ansvaret for dei felles plantene og stellet i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eigne plantefelt for gravene i minnelunden. Ein kan leggje ned blomar og tenna gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplass-styresmakta.

### § 12. Bårerom

Gravplass-styresmakta stiller bårerom til disposisjon for den som står for gravferda. Det skal berre nyttast til oppbevaring av den døde. Ingen har tilgang utan løyve. Syning kan berre finna stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

### § 13. Næringsverksemd

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen, skal hente inn løyve frå gravplass-styresmakta. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne, samt planting og stell av graver.



### **§ 14. Arbeid på gravplassane**

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal gjerast på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplassen eller i ein bygning på gravplassen. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er naudsynt for å gjere arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

### **§ 15. Dispensasjon frå vedtektene**

Gravplass-styresmakta kan i særlege tilhøve og innanfor ramma av gravplassloven og gjeldande forskrifter fråvike gravplassvedtektene.

### **§ 16. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter**

Forskrifta tek til å gjelde 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir «Vedtekter for kyrkjegardane i Valle kommune», vedteken i Fellesrådet for sokneråda i Valle sak 4-92 og godkjend av Agder Stiftsdirleksjon med brev datert 22.12.1992 oppheva.

## Aktuelle § paragrafer i Gravplassvedtekene

Støttetekst til arbeidet med gravplassvedtekter i Valle – pr 29 nov. 2024

### Forskrift om politivedtekt, Valle kommune, Aust-Agder - Lovdata

#### **Kapittel VI. Offentlege anlegg**

##### **§ 18.Kyrkjegard**

På kyrkjegard er det forbode å sykle, ake eller å drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trengje seg inn på kyrkjegard når den er stengd for besøk.

[Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd \(gravplassforskriften\) - Lovdata](#)

§ 9.Opphold, ferdsel, arbeid og andre handlinger på gravplass skal skje på en sømmelig og minst mulig støyende måte, slik at det ikke virker støtende på noen. Besøkende skal såvidt mulig ferdes gående. Hunder skal føres i bånd.

##### **§ 16.Fri grav og feste av grav**

En fri grav kan ikke belegges med festeavgift i fredningstiden, jfr. [gravplassloven §§ 6](#) første ledd og [19](#) siste ledd. Ved gravlegging av askeurne i dette tidsrom, regnes ny fri gravperiode fra siste gravlegging.

Den som er ansvarlig for fri grav skal gis anledning til å feste graven ved fredningstidens utløp.

0 Endret ved [forskrift 20 nov 2020 nr. 2543](#) (i kraft 1 jan 2021).

##### **§ 18.Gravlegging i to nivåer**

Kister kan gravlegges i to nivåer i samme grav når festeren eller den som skal være ansvarlig for fri grav ønsker det og forholdene på gravplassen er lagt til rette for det. Den underste kisten skal ved gravlegging gis minst 1,5 meter jordoverdekning.

Det kan ikke kreves festeavgift i den frie gravperioden. Tas det øverste nivået i bruk i løpet av den frie gravperioden, regnes ny fri gravperiode fra siste gravlegging.

0 Endret ved [forskrift 18 des 2012 nr. 1328](#) (i kraft 1 jan 2013).

##### **§ 12.Gravlegging**

Gravlegging skal skje senest 10 virkedager etter dødsfallet. Lørdag regnes ikke som virkedag. Gravplassmyndigheten fastsetter nærmere tidspunkt for den enkelte gravlegging. Gravplassmyndighetens vedtak kan ikke påklages.

Grav skal åpnes så nær gravlegging som mulig og lukkes umiddelbart etter gravlegging. Dersom kistegrav blir stående åpen før gravlegging, skal åpningen sikres forsvarlig. En representant for gravplassmyndigheten skal være tilstede under gravlegging.

Tidligere benyttet grav kan bare brukes på nytt når det ikke finnes annet enn grove knokler og kisterester etter tidligere gravlegging. Slike rester skal graves ned i bunnen av graven før ny gravlegging. Verdigjenstander som er gravlagt med en avdød og som ikke er å regne som løse kulturminner etter [lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 § 12](#), skal graves ned på tilsvarende måte.

På gravplass kan bare levninger etter mennesker gravlegges.

0 Endret ved [forskrifter 11 des 2002 nr. 1672](#) (i kraft 1 jan 2003), [18 des 2012 nr. 1328](#) (i kraft 1 jan 2013), [2020 nr. 2543](#) (i kraft 1 jan 2021).

### **§ 27. Bevaring**

Gravplassmyndigheten kan vedta at områder av gravplassen eller enkeltgraver med gravminner og annet utstyr skal bevares. Slikt vedtak kan bl.a. gjøres dersom gravminner på et område av gravplassen eller en grav er av en viss alder, at det representerer en stilhistorie, har et lokalt særpreg i form eller materialbruk, gir uttrykk for en interessant personalhistorie eller er unikt.

Gravplassvedtektene skal inneholde egne bestemmelser for de områder eller graver som vedtas bevart.

0 Endret ved [forskrifter 18 des 2012 nr. 1328](#) (i kraft 1 jan 2013), [22 jan 2014 nr. 41](#), [20 nov 2020 nr. 1328](#) (i kraft 1 jan 2021).

Nemnda som held på å utarbeide framlegg til verneplan for kyrkjegardane i Valle kommune har fått tilsendt «Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke».

Vi ønskjer med dette å peike på eit forhold som gjeld middelalderdelen av kyrkjegarden i Valle, dvs. området nærast kyrkja med sikringsstone. Vi meiner det ville vere fornuftig at dette også vart nedfelt i gravplassvedtektene.

Det same gjeld ei samisk grav på kyrkjegarden på Rysstadmo.

I «Verneplan for gravplass. Veileder. Bilag i fagbladet Gravplassen 3-2018 heiter det m.a. s. 10:

### **Automatisk fredete kulturminner**

Middelalderske kirkesteder er automatisk fredete kulturminner jf. kulturminneloven § 4. Dette medfører at et hvert tiltak som kan få innvirkning på kirkestedet krever særskilt tillatelse fra kulturminnemyndigheten.

Tiltak som kan få innvirkning på kirkestedet kan være graving i grunnen, men også visuelle endringer på kirkestedet eller i omgivelsene.

Dersom deler av gravplassen er fra middelalderen, vil dette legge sterke føringer på bruk, vern og bevaring av hele gravplassen og dens enkeltelementer. Dette skal da vektlegges som et grunnleggende premiss for alt annet som skal vurderes. Med en middelaldersk del er det viktig å verne gravplasser, landskapstrekk, vegetasjon og annet som kan opprettholde muligheten til å oppleve og forstå denne delen av gravplassen som et kulturminne. Dette gjelder enten kirkestedet har stående middelalderkirke eller ikke. Slike elementer kan være fra middelalderen eller av nyere dato.

Viktige trekk som kan være verneverdige er vegetasjon som skjermer for moderne utvidelser eller bidrar til å tydeliggjøre grenser mellom gammelt og nytt; stier og adkomstveier med lang kontinuitet som peker på bevegelseslinjer i middelalderen; landskapstrekk som var utgangspunkt for opprinnelig plassering og avgrensning av kirkestedet; murer eller andre fysiske spor etter avgrensning av den gamle gravplassen; eventuelle ruiner, tufter eller andre fysiske rester etter det opprinnelige kirkestedet; siktlinjer/soner som bidrar til å belyse kirkestedets historiske sammenheng med landskapet omkring, med mer.

Når det gjelder spesielle hensyn som gjelder fredete gravplasser refereres det til Rundskriv T-3/00 Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som

kulturminne og kulturmiljø (kirkerundskrivet). Spesielt viktig er forbudet mot bruk av graver på middelalderkirkested som ikke har vært i bruk etter 1945.

Det er viktig å være oppmerksom på at det på et kirkested/gravplass kan være eldre kulturminner, også utenfor den midmiddel alderen ofte ble bygd i eldre bosetningssentra eller på gårdsgravfelt.

Samiske kirkegårder/graver som er eldre enn 100 år er også automatisk fredete kulturminner som i utgangspunktet skal bevares urørt.

Dette inneber at det ikkje skal etablerast nye graver i dette området, men graver som er etablerte etter 1945 kan gjenbrukast. Vi vil i den samanheng understreke at nye gravminne som då måtte verte sette opp, harmoniserer med dei som er der frå før.

Den samiske grava på Hylestad kyrkjegard er utan gravminne, men grava er festa. Vi forstår at den likevel er verna uavhengig av verneplanen vi utarbeider.

Valle/Rysstad 11.11.2024

Alfred Ryningen    Bjørgulv T. Berg    Knut K. Homme

Leonhard Jansen    Torbjørg Trydal



## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2024-39	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	078/24	03.12.2024

### 078/24 FR - Møteplan for 2025

#### Saksframlegg

##### Møteplan Valle og Hylestad SR/FR og AU 2025

Arbeidsutvalet (AU)	Soknerådet / Fellesrådet (SR-FR)
Tysdag 14. januar	Tysdag 28. januar
Tysdag 25. februar	Tysdag 11. mars
Tysdag 8. april	Tysdag 29. april
Tysdag 27. mai	Tysdag 10. juni
Tysdag 5. august	Tysdag 19. august
Tysdag 16. september	Tysdag 30. september
Tysdag 28. oktober	Tysdag 11. november
Tysdag 18. november	Tysdag 2. desember

#### Forslag til vedtak

Valle og Hylestad FR vedtek møteplanen slik den ligg føre.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	233	V&H2024-34	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	079/24	03.12.2024

### **079/24 FR - Godtgjering for vervet som leiar og nestleiar i Fellestrådet**

#### **Saksframlegg**

I FR - sak 30/24: Honorar / møtegodtgjering - er det fastsett honorar for møter i rådet og i arbeidsutvalet. Leiar har ei fast godtgjering på kr 15.000 pr år.

Det er gode grunnar for å gje ei godtgjering også til nestleiar. Det er eit ekstra ansvar å sitje i arbeidsutvalet, og ein har nå funne ei ordning med delt ansvar for ulike oppgåver.

Ein kan og tale for å legge inn ei automatisk justering av denne godtgjeringa. Ein føreslår å justere den årleg i takt med lønstillegget. Då brukar med tal frå Kirkens Arbeidsgjevarorganisasjon si justering pr 1. mai kvart år, og legg dette prosentvise tillegget til godtgjersla for leiar og nestleiar. Administrasjonen føreslår å gje leiar ei godtgjering på kr 15.000 kvart år. Administrasjonen føreslår vidare å gje nestleiar ei godtgjering på kr 7.500 kvart år. Og at denne godtgjeringa blir justera kvart år etter tal frå Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon - KA.

Dette blir justera med prosentvis tillegg kvart år etter tal frå Kirkens arbeidsgiverorganisasjon KA.

#### **Forslag til vedtak**

FR vedtek at leiar og nestleia i FR / SR skal få ei godtgjering for tenesta slik:

Leiar får utbetalt kr 15.000 kvart år med årleg oppjustering med lønstillegget forhandla fram og gjeldande frå 1. mai kvart år.

Nestleiar får utbetalt kr 7.500 kvart år med årleg oppjustering med lønstillegget forhandla fram og gjeldande frå 1. mai kvart år.

Ein brukar tal frå KA (Kirkens arbeidsgiverorganisasjon).